

Humlepungen ny i registrering

16.09.2009



Humlepungen er eit døme på ein ny organisasjon, som no blir registrert. Her er sju av dei ni i bryggjarlaget samla framfor grua på Dønhaug: Kristian Bringedal, Kjell Magne Haugland, Vidar Haugland, Ragnvald Myklebust, Kjell Tungesvik, Kjell Yri og Reidar Myklebust. Magne Huglen og Bjarne Lilleaas var ikkje til stades. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kwart tiande år vert alle frivillige lag og organisasjonar i Hordaland kartlagt og no er 2010-kartlegginga i gang, opplyser fagkoordinator for kultur i kommunen Sissel Lillebø Aarseth. - Vi ønskjer særleg å kome i kontakt med nye typar lag og organisasjonar. Det er nok at det er ei samanslutning som har eit namn. Eit godt døme på eit slikt nyt lag er Humlepungen bryggjarlag i Uskedalen, seier ho.

Dei siste ti-åra har professor Per Selle ved Universitetet i Bergen hatt ansvaret for kartlegginga. Han peikar på at materialet ein rår over i Kvinnherad er unikt både i omfang om kvalitet og ein ønskjer naturleg nok at 2010-registreringa vil bli like god.

Alle registrerte lag og organisasjonar har no fått brev og dei er bedne om oppdatert kontaktinformasjon og eventuelt nedleggingsinformasjon og opplysningar om nye lag som har kome til, opplyser Lillebø Aarseth.

- Kva med svara som har kome inn til no?
- Vi ser allereie nokre tendensar. Mellom anna kan det sjå ut som om det store mangfaldet av misjonsorganisasjonar i kommunen byrjar å verte svekka.
Det er i det heile interessant å sjå kva endringar som oppstår.

Her får vi ein temperaturmålar på kva kvinnheringane er opptekne av no.
Eg tenkjer til dømes på kvar engasjement og verdiskaping ligg, kvar 'maktstrukturane' er innan frivillig sektor, kvar demokratiet går og kvar private og effentlege pengar vert brukt.

Av Ola Matti Mathisen